

2015

2019



Landbruksplan for Austrheim kommune

Utarbeidd i samarbeid med Landbruksfagrådet i Austrheim kommune

Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen

INNHALD

1. Bakgrunn for landbruksplanen
 - 1.1 Mandat og organisering

2. Situasjon og utviklingstrekk for landbruket i Austrheim
 - 2.1 Jordbruk
 - 2.2 Skogbruk og utmarksnæring

3. Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim
 - 3.1 Hovudmål for landbruket i Austrheim
 - 3.2 Utfordringar for landbruket i Austrheim
 - 3.3 Strategiane mot år 2019 i jordbruket i Austrheim
 - 3.4 Strategiane mot år 2019 i skogbruket i Austrheim

4. Tiltak
 - 4.1 Tiltak mot år 2019 i jordbruket i Austheim
 - 4.2 Tiltak mot år 2019 i skogbruket i Austrheim

5. Oppfølging av landbruksplanen for Austrheim kommune 2015 – 2019

6. Vedlegg

Landbruksplan for Austrheim kommune 2015 – 2019

1. Bakgrunn for landbruksplanen

1.1 Mandat og organisering

I 2001 vedtok Austrheim kommunestyre (sak PS 005/01) slikt vedtak:

«Austrheim kommunestyre vedtok å gjennomføre arbeidet med landbruksplan. Arbeidet skal gjennomførast i samsvar med vedlagte notat. Politisk ansvar ligg til nærings- og miljøkomiteen og det administrative ansvar er lagt til rådmannen. Arbeidet vert utført av plan-, nærings- og miljøkomiteen. Austrheim kommune ynskjer å ta del i prosjektet «Differensiering av landbruksareala...»

Det første initiativet til å få laga ein landbruksplan for Austrheim kommune kom fram etter resolutt innsats frå Landbrukskvinnelaget i Austrheim kommune.

Den 25.06.2003 vedtok Austrheim kommunestyre «Landbruksplan – tiltaksdelen for Austrheim kommune». Det er den fyrste landbruksplanen i Austrheim og ein av dei fyrste i Hordaland. Kort dei viktigaste måla i landbruksplanen frå 2003:

- 1.0 Areal - med delmål innan jordvern, utmark og busetnad
- 2.0 Kompetanse
- 3.0 Næring - med delmål innan likestilling av landbruksnæringa med anan næringsliv i kommunen, nye landbruksbaserte næringar, produsentmiljø, økonomiske verkemiddel
- 4.0 Trivsel

I 2009 vart det laga revisjon av landbruksplanen etter framlegg frå landbruksfagrådet, som vart vedteken i Austrheim kommunestyre 07.04.2010.

Hovudmålsettinga i denne er: Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen.

Delmåla er:

- a) Eit sterkt jordvern
- b) Oppretthalda landbruk som næring – både heiltid og deltid
- c) Styrkja produksjon av miljø- og kulturgoder, særleg eit opnare landskap
- d) Leggja til rette for busetting i alle grendene
- e) Arbeida for rekruttering, sosialt miljø og kompetanse i næringa

Landbruksplanen for Austrheim for 2015 – 2019 er ført i pennen av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy i nært samarbeid med Landbruksfagrådet i Austrheim.

Dei som sit i Landbruksfagrådet i Austrheim i perioden 2011 – 2015 er:

Politisk valt representant, leiar for landbruksfagrådet	Asbjørn Brandtun
Landbrukskvinnelaget i Austrheim	Linda Syslak
Aktiv vara for Linda Syslak	Svanhild Neteland
Saualslaget	Reidar Øksnes
Aktiv vara for Reidar Øksnes	Tomas Lerøy
Viltfagrådet	Øyvind Ullestad
Austrheim og Lindås bondelag	Jan Ove Arnø

2. Situasjon og utviklingstrekk for landbruket i Austrheim

2.1 Jordbruk

Kystlandskapet

Austrheim ligg heilt nordvest i Hordaland med ferje til Gulen i Sogn og til Fedje i vest. Austrheim er eit øyrike bunde i hop av 13 bruer. Her er og det vestlegaste fastlandspunktet i Norge; Vestkapp, som er på Vardetangen. Det er eit lågliggende strandflatelandskap der Litlås fjellet, 109 moh, strekker seg opp i aust på grensa til Lindås.

Landskapet var ope og skoglaust i over 4000 år etter at menneske byrja rydde vekk skogen med svedjejordbruk. Dei siste hundre åra har landskapet igjen endra seg med mindre opne lyngbeiter og meir busk og kratt. Der lyngbeita ikkje vert nytta vil det igjen bli skog. Bjørk, rogn og furu er etablert fleire stader og sitkagrana som vart planta på 60-talet er no tett skog. Framleis er landskapet prega av ope lynghei og store torvmyrer.

På Lyngoksen er det funne spor etter dei som fjerna skogen og dyrka jorda her for 4300 år sidan, dvs i yngre steinalder. Då vart lyngheiane danna og etter kvart dei store terrengdekkande myrane som gav torv og varme til generasjonar. Her møter vi historia langs kulturstiar forbi buplassar frå steinalderen og oljeanlegget på Mongstad.

Kystlynghei

Kystlynghei er no ein utvald naturtype. Austrheim kommune har mykje kystlynghei, men mykje er diverre i ein attgroingsfase grunna lite beiting og skjøtsel og spreining av sitkagran. Lyngheia på Krossøy er kanskje den best bevarte og har A-verdi i Naturbase. Kystlyngheia på Sævrøy, Baløy, Børildsen og Njøten har B-verdi i Naturbase. Austrheim har kystlynghei mange andre plassar også, og denne er også viktig å ta vare på. Fylkesmannen i Hordaland publiserte ei kartlegging av kystlynghei i Hordaland i 2012, og der finn ein meir om kystlyngheia i Austrheim. Einaste måten å oppretthalde kystlyngheia på er ved bruk, altså beiting med villsau og jamnleg sviing.

Dyr og areal

For søknadsomgang for produksjonstilskot i jordbruket, 20.01.2015 var det 29 søkjarar. Tal søkjarar har holdt seg jamt siste åra men utviklinga går mot færre bønder, men større gardsbruk. Andelen leigejord er stor og få bønder driv mange gardar. Det er utfrodringar knytta til å halde oppe takten på grøfting og drenering som trengst når over 50 % av jorda som vert hausta er leigejord. Som ein ser av statistikken (sjå vedlegg) er tal mjølkekyr gått ned mens tal ammekyr har gått opp. Det er få bønder med mjølkeproduksjon i Austrheim og pr dags dato ingen lausdriftsfjøs. Dette er ei stor utfordring av di ein har eit krav om lausdrift innan 2024. Det trengst midlar til investering dersom ein skal ivareta mjølkeproduksjonen i Austrheim. Tal storfe i alt har gått ned lenge men har dei siste åra gått oppover igjen, og fleire bønder satsar no på ammekyr og oppal av storfe. Tal sauer har holdt seg jamt siste åra, men dei siste åra er det auke i utegangarsau/villsau og nedgang i tradisjonelt sauehald.

Landbruket i Austrheim og Mongstad

Sjølv om landbruket er ei lita næring i forhold til storindustrien på Mongstad er landbruket ei viktig næring i Austrheim og landbruket har mange positive bieffektar både på sysselsetting i andre næringar og ikkje minst for kulturelletandskapet. For å oppretthalde kommunens visjon om eit ope landskap er det viktig å beholde beitedyra og fortsatt utnytta utmarka til beite. Dette er også viktig som brannførebyggjande tiltak.

Det bør definerast område som skal nyttast til beite og område som skal nyttast til skog i kommuneplan. Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy vil i samråd med landbruksfagrådet i Austrheim utarbeide ein skogbruksplan og ein forvaltningsplan for grågås innan 2017.

Tilskotsordningar i landbruket

Produksjonstilskot – Tilskot til produksjon vert utmålt etter tal daa dyrka jord og tal dyr. For å få produksjonstilskot skal jorda drivast og det skal produserast slakt, livdyr eller mjølk. For å vere berettiga produksjonstilskot må ein og fylla visse vilkår for drift, miljøomsyn og kulturlandskap.

Regionalt miljøprogram – RMP er ei tilskotsordning der føremålet er å bidra til at kulturlandskapet vert halde i hevd og at jordbruket vert drive på ein miljømessig forsvarleg måte. Frå RMP kan ein få tilskot til td skjøtsel av kystlynghei, steingard og styvingstre, dyr på fjellbeite og miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel.

Spesielle miljøtiltak i landbruket – SMIL-midlane. Føremålet er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, samt redusere forureininga frå jordbruket. I Austheim vedtar Landbruksfagrådet kva tiltak midlane kan nyttast til innanfor dei rammane som vert sett gjennom lovverket. SMIL-midlane har stort sett vore nytta til rydding av beite, skjøtsel av kystlynghei, og til oppsett av gjerde.

Kommunale midlar til landbruk er ei ordning der kommunen har avsett midlar til tiltak i landbruket både i 2013, 2014 og 2015. Retningslinjer for løyving av desse midlane har vore fastsett av Landbruksfagrådet og dei har stort sett vore nytta som SMIL-midlane men og til tiltak som fjerning av sitkagran og grøfting. Løyving av kommunale midlar til landbruk har vore forskjellige frå år til år. Det ville vere ønskjeleg med ein fast sum kvart år. Dei kommunale midlane har gitt Austrheim kommune eit omdømme om politisk vilje til satsing på landbruket, og har bidrege til nye innbyggjarar i kommunen. Dei kommunale midlane har bidrege til stor auka aktivitet i landbruket og resultatata viser seg i meir dyr på beite.

Landbruket mot år 2020

Dei overordna føringane i nasjonal landbrukspolitik er at ein skal legge til rette for større og meir robuste gardsbruk. Ein måte å oppnå dette på er at bønder med aktiv drift får høve til å kjøpe tilleggsjord. Det er meir interessant for ein bonde å investere i grøfting og gjerding når ein eig jord enn når ein leiger jord. Dette er også ein viktig faktor for å halde jord i hevd.

Mat og matproduksjon er viktig. Alle treng mat kvar dag. Beredskapsomsyn, solidaritetsomsyn og forventna klimaendringar tilseier vi skal nytte eigne ressursar til å produsere mat til eigen befolkning i størst mogleg grad. Kunnskapen bøndene i Noreg har til å produsere mat på krevande areal i eit skiftande og utfordrande klima er allereie etterspurt. I andre deler av verda der ein tradisjonelt har hatt optimale forhold for matproduksjon, merkar ein også klimaendringane, og dei etterspør kunnskapen vi har innan matproduksjon under krevnde forhold.

Fylkesmannen lagar forventingsbrev til kommunane kvart år. I 2015 har fylkesmannen lagt vekt på at kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonslova. Kommunane skal følgje opp driveplikta, anten som sjølvstendig drift eller utleige på minimum 10 år med skriftleg avtale. Det vert vist til gardskartprosessen, kostra (rapportering på omdisponering av dyrka og dyrkbar jord mm), forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak, produksjonstilskot og avløyning til ferie og fritid, tidlegpensjon for jordbrukarar, sjukeavløyning, erstatningsordningane, kommunal veterinærteneste, krav til kontrolltiltak, skog og midlar til skogkultur, kontroll av skogforynging, tilskot til vegbygging og drift med taubane, næringsutvikling innan jordbruk- og bygdenæringar, produksjon av miljøgoder og reduksjon av forureining.

Fylkeskommunen i samarbeid med fylkesmannen har utarbeidd Strategisk næringsplan for Hordaland 2013 – 2017. I denne vert vist til at fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeider nært om næringsutvikling i landbrukssektoren, med basis i jord- og skogbruk og tilknytte næringar som til dømes matproduksjon og bioenergi. I tillegg samarbeider dei innan reiseliv. Reiseliv er Noregs tredje største eksportnæring og er blant næringane som veks raskast i verda.

Austrheim kommune har tydelege unge vaksne som ynskjer satse i landbruket. Her trengst tilgang til landbrukseigedom for å bidra til rekrutteringa. Ein ser det er betydeleg etterspurnad og interesse for å overta gardsbruk i regionen vår.

Landbruksdagen i Austrheim er ein viktig sosial og fagleg arena som bidreg til trivsel. Det er ein stor dugnadsinnsats som vert lagt ned kvart år for å skipe landbruksdagen. Stønaden frå kommunen er heilt avgjerande for å klare det løftet denne tilskipinga er.

Landbruket i Austrheim er ein del av svaret på utfordringane storsamfunnet etterspør med omsyn på trygge oppvekstmiljø og omsorgsoppgåver, kunnskap om matproduksjon, kulturlandskap i aktiv drift, og goder som reiselivet etterspør.

Bøndene i Austrheim ynskjer bidra til å oppnå visjonen til Austrheim kommune om eit ope landskap og opne sinn, gjennom aktiv bruk av ressursane og kulturlandskapet i landbruksnæringa.

2.2 Skogbruk og utmarksnæring

Arealgrunnlaget:

Austrheim kommune har godkjent skogreisingsplan frå 1967. Planen la opp til å plante 500 daa/år over 24 år med eit totalt skogreist areal på 12000 daa. I gjennomsnitt vart det planta 163 daa pr. år. Føresetnadane for skogreising som tildømes lovgrunnlag, lønsemnd i skogkultur og vegbygging, fleirbruksinteresser og trong for sysselsetting har endra seg. Det vart derfor utarbeidd tiltaksplan for skogbruket i kommunen, handsama av kommunestyret 14.04.90 og av fylkesmannen i 1994. Etter tiltaksplanen er 1500 da snau mark og 1000 da myr, tilsaman 2500 da eigna til skogreising.

Arealoversyn pr. 1989 (daa) etter Tiltaksplan for skogbruk i Austrheim kommune:

a)

Totalareal	Produktivt areal	Økonomisk drivverdig areal
55 900	21 100	7 600

b) Sertifisering av innhaldet i tabell a)

Skog	ØKD skog	Snaumark	ØKDsnaumark	Myr	ØKO myr
6 100	5 100	5 000	1 500	10 000	1 000

Nyare tal for skogbruket:

Årlig avvirking har vore på ca. 1500 m³ registrert per år i perioden 2012-2014. Med ein berekna verdi på mellom 400 000 og 650 000 kr totalt. Det er forventa at avvirkingen av skog held fram og aukar no når trea frå skogreisinga blir hogstmodne.

Skogkultur:

Interessa for skogplanting var etter måten stor fram til midt på 1980-talet. Seinare har årleg planting svinga mellom 500 og 5000 planter. I år 2002 vart det for første gong ikkje planta sidan skogreisinga tok til. Dersom tiltaksplanen vart gjennomført med eit tilpassa kultivert areal på 7600 da, rekna ein med eit framtidig balansekvantum på ca 4000 kubikk.

Skogeigarane fekk i 1996 tilbod om utarbeiding av skogbruksplan, men interessa var for låg. Det vart ikkje gjennomført områdetakst eller utarbeidd skogbruksplanar. Det bør utarbeidast områdeplanar og skogbruksplanar for dei områda det er samanhengande skog i Austrheim i dag og der det er potensiale for næringsinntekter for grunneigar.

Utmarksnæring:

Vilt:

Hjortestammen i Austrheim har hatt ein topp på 2000-tallet og er no truleg på veg nedover igjen. Tidlig 90-tall var det ei avskyting på ca 7-8 dyr/år i Austrheim mot ca. 70-80 dyr/år på seint 2000-tall. Det er gjennom forvaltning gjort ein innsats for å redusere hjortestammen for å begrense skader på jord- og skogbruksverdiane. Fellingsprosenten har dei siste åra gått betydelig ned (60-70%), noko som tyder på at stammen er på retur.

Kommunen har i dag 3 hjortevald med eit teljande areal på tilsaman ca. 36000 daa. Det er og eit vald på Mongstad med 3000 daa teljande areal. Det er ønskelig å slå alle valda saman til eit for administrative fordelar. Fosnøy viltlag er det einaste valdet stort nok for bestandsplan i dag. Det jaktast i 2015 på 38 780 daa av kommunens areal med eit minste areal på 1000 daa. I dag følger ein bestandsplanen for Fosnøy viltlag. Frå 2016 vil det utarbeidast bestandsplan for heile kommunen.

Innlandsfiske:

Fonnes- og Solendvassdraga er tilrettelagt for fritidsfiske. På Fonnes vart det i 1999 seldt 30 fiskekort, i 2000 var det 24, i 2001 var det 32 og i 2002 var det 48. Innsende fangstrapportar viser at det er fiska 27 kg, der minste fisk var 0,2 kg og største fisk var 0,5. Det er ikkje utført prøvafiske med fleirviddemaska garn.

3. Mål, utfordringar og strategiar for landbruket i Austrheim

3.1 Hovudmål for landbruket i Austrheim:

Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile Austrheim

3.2 Utfordringar for landbruket i Austrheim:

Storparten av landbrukseigedommane i Austrheim er små. Tradisjonelt har ein drive mangesysleri i Nordhordland. Ein har henta inntekter frå fleire ulike kjelder. Gardsdrifta er i tillegg til anna næringsinntekt når landbrukseigedommane er små. I Hordaland har 20 % av bøndene hovudinntekskjelda frå landbruk. Utfordringa med små einingar er at mange finn ein ikkje har nok tid og nok investeringsvilje til å investere i gardsdrifta når ein skal hente inntekter i stor grad frå andre næringer enn landbruk.

Det er over 50 % leigejord i Austrheim, og få bønder får langsiktige skriftlege avtalar på leigejorda. Dette medfører at det er mindre motiverande for bønder å investere i areala for å ivareta dei med omsyn på grøfting og gjerding når ein er usikker på om ein får lov til å nyttegjere seg areala i drifta si nokre år framover i tid.

Ei anna utfordring er at mange av driftsbygningane er av eldre dato og det trengst oppgraderingar, noko som krev investeringar. Med små einingar er det mindre investeringsvilje til oppgradering av driftsapparatet. Og det er mindre vilje frå Innovasjon Norge til å bidra med investeringsmidlar når gardsbruka er små. Innovasjon Norge krev 10 års skriftlege jordleigeavtalar dersom arealgrunnlaget er del av driftsgrunnlaget for investeringssøknadar. I dei tilfella der ein bonde ønskjer utvide drifta si

og investere vil ein mangel på skriftlege 10 årskontraktar for leigejord medføre avslag på søknad om investeringsmidlar hos Innovasjon Norge.

Det er ingen av mjølkebøndene i Austrheim som har lausdriftsfjøs. Det generelle kravet til lausdriftsfjøs i mjølkeproduksjonen som trer ikraft i år 2024 er ei utfordring. Anten lyt folk investere og bygge nytt, eller så legg dei ned mjølkeproduksjonen når lausdriftkravet trer ikraft. Dette er ei stor utfordring for landbruket i Austrheim.

3.3 Strategiane mot år 2019 i jordbruket i Austrheim:

1. Tradisjonell næring og tilleggsnæring er begge viktige for utviklinga og oppretthalding av landbruket i Austrheim kommune
2. Trivsel er viktig for motivasjonen til å halde fram i næringa, og for å være attraktiv arbeidsplass for ungdom som vil inn i landbruksnæringa
3. Rekruttering er viktig for alle næringar, også landbruket treng og ynskjer rekruttering
4. Forvaltninga av arealet i Austrheim kommune påverkar framtida for matproduksjonen og dei som skal ha yrket sitt i landbruksnæringa
5. Tilstrekeleg kompetanse både i administrasjonen og hos aktive bønder er viktig for å oppnå eit livskraftig landbruk og levande bygder i Austrheim, når ein ynskjer ei berekraftig forvaltning av ressursane i landbruket i Austrheim.

3.4 Strategiane mot år 2019 i skogbruket i Austrheim:

1. Eit kunnskapsbasert og aktivt skogbruk er viktig i dei områda ein ynskjer drive med skog
2. God infrastruktur (vegar) må utviklast for eit rasjonelt skogbruk
3. Skogeigarane må lære å nytte dei økonomiske system laga for å fremme skogbruket

4. Tiltak

4.1 Tiltak mot år 2019 i jordbruket i Austrheim

1. Tradisjonell næring og tilleggsnæring er begge viktige for utviklinga og oppretthaldinga av landbruket i Austrheim kommune
 - Følgje opp og støtte initiativ frå aktive bønder til næringsutvikling
 - Setje i verk stimulerande tiltak i forhold til større breidde i tilleggsnæring
 - Synleggjere dei økonomiske mogleikane ved satsing på tradisjonelt landbruk
 - Støtte opp om prosjekt som Glade Bønder, og Smaken av Nordhordland
 - Spreie informasjon om Inn på tunet gjennom nettverk, nettsider og andre media
 - Legge til rette for fleire Inn på tunet bedrifter innanfor skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid
2. Trivsel er viktig for motivasjonen til å halde fram i næringa, og for å være attraktiv arbeidsplass for ungdom som vil inn i landbruksnæringa
 - Legge til rette for tiltak/aktivitetar som skapar trivsel i næringa og trivsel saman med sambygdingar
 - Legge til rette for fagleg og sosialt påfyll i landbruksnæringa
 - Støtte opp om landbruksdagen i Austrheim

- 3 Rekruttering er viktig for alle næringer, også landbruket treng og ynskjer rekruttering
 - Legge til rette for tiltak som bidreg til å gjere landbruket til ei attraktiv næring for ungdom
 - Prioritere eigne kommunale midlar for å stimulere til tiltak i landbruket bidreg til rekruttering

- 4 Forvaltninga av arealet i Austrheim kommune påverkar framtida for matproduksjonen og dei som skal ha yrket sitt i landbruksnæringa
 - Ivaretake samanhengande slåtte- og beiteområde
 - Unngå deling som opnar for fritt omsettelege bustadhus/tomter inne i LNF-områder
 - Tilrettelegge for klyngetun eller mindre bustadfelt der ein både ivaretek samanhengande slåtte- og beiteområde samstundes som ein tilrettelegg for attraktive bumiljø
 - Stimulere til opne landskap og beiting av utmark samstundes som ein tek omsyn til den allmenne folkehelsesatsinga med etablerte turstiar

- 5 Tilstrekkeleg kompetanse både i admininstrasjonen og hos aktive bønder er viktig for å oppnå eit livskraftig landbruk og levande bygder i Austrheim, når ein ynskjer ei berekraftig forvaltning av ressursane i landbruket i Austrheim
 - Halde fram med å være del av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy
 - Stille krav til høgskule eller universitetsutdanning for tilsette ved felles landbrukskontor
 - Legge til rette for kurs og studieturar for aktive bønder i Austrheim

Tiltaka refererer direkte til punkta over og er her berre nemnt som stikkord

Tiltak 1	Ansvar	Tidsfrist
Følgje opp og støtte initiativ til næringsutvikling	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Stimulere til større breidde i tilleggsnæring	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Synleggjere økonomiske mogleikar	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Støtte til prosjekt Glade Bønder, Smaken av Nordhordland	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Spreie informasjon om Inn på tunet	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Legge til rette for fleire Inn på tunet bedrifter	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg

Tiltak 2	Ansvar	Tidsfrist
Tiltak som skapar trivsel	Landbruksfagrådet/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Fagleg og sosialt påfyll	Landbruksfagrådet/Felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Landbruksdagen i Austrheim	Dugnadsgjengen bak landbruksdagen	Årleg

Tiltak 3	Ansvar	Tidsfrist
Gjere landbruket til attraktiv næring for ungdom	Aktive bønder/felles landbrukskontor/landbruksfagrådet	Kontinuerleg
Kommunale midlar	Austrheim kommune	Årleg

Tiltak 4	Ansvar	Tidsfrist
Samanhengande slåtte- og beiteområde	Plan og byggesak i Austrheim/felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Unngå deling	Plan og byggesak i Austrheim/felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Tilrettelegge for attraktive bumiljø samstundes som ivaretaking av slåtte- og beiteområde	Plan og byggesak i Austrheim/felles landbrukskontor	Kontinuerleg
Opne landskap, beiting i utmark, turstiar	Administrasjonen i Austrheim	Kontinuerleg

Tiltak 5	Ansvar	Tidsfrist
Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy	Rådmennene for Austrheim, Fedje og Radøy	Kontinuerleg
Krav til utdanningsnivå for tilsette ved felles landbrukskontor	Rådmennene for Austrheim, Fedje og Radøy	Kontinuerleg
Kurs og studieturar for aktive bønder	Felles landbrukskontor	Kontinuerleg

4.2 Tiltak mot år 2019 i skogbruket i Austrheim

1. Eit kunnskapsbasert og aktivt skogbruk er viktig i dei områda ein ynskjer drive med skog
 -
 -
2. God infrastruktur (vegar) må utviklast for eit rasjonelt skogbruk

5. Oppfølging av landbruksplanen for Austrheim kommune 2015 – 2019

Under del 4 som omhandlar tiltak er det fastsett ansvar for dei einskilde tiltaka i landbruksplanen. Den som har ansvar syter for å dra aktivt med øvrige aktørar i Austrheim kommune som kan bidra til gjennomføringa av tiltaka i landbruksplanen i Austrheim.

Landbruksplanen sin tiltaksdel skal reviderast annakvart år.

Vedlegg:**Husdyr, etter region, husdyrslag, tid og statistikkvariabel**

	1969	1979	1989	1999	2004	2009	2013	2015
	Husdyr	Husdyr	Husdyr	Husdyr	Husdyr	Husdyr	Husdyr	Husdyr
1264 Austrheim								
Storfe i alt	862	660	575	551	459	353	492	430
Kyr i alt 404	250	224	205	153	146	190	188	
Mjølkekyr	:	:	:	166	117	80	47	55
Ammekyr	:	:	:	39	36	66	143	133
Andre storfe	458	410	351	346	306	207	302	242
Sauer over 1 år	1 045	1 169	1 376	1 274	925	960	1 042	784
Allssvin 0	0	0	0	0	0	0	0	
Høner	2 929	2 800	2 180	2 724	:	0	0	0

Fotnote(r):

Tegnet «:» betyr at tall kan ikke offentliggjøres. Før 1999: Omfatter jordbruksbedrifter med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. F.o.m. 1999: Omfatter også jordbruksbedrifter med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift, i hovedsak samdrifter og hagebruk.

Jordbruksbedrifter, etter region, husdyrslag, tid og statistikkvariabel

	1969	1979	1989	1999	2004	2009	2013
	Jordbruksbedrifter med husdyr						
1264 Austrheim							
Husdyr i alt	192	127	83	53	36	23	26
Storfe i alt	127	51	30	21	17	10	13
Kyr i alt 108	24	19	19	14	10	13	
Mjølkekyr	:	:	:	10	7	5	4
Ammekyr	:	:	:	10	8	6	10
Andre storfe	120	51	30	20	16	10	13
Sauer over 1 år	143	89	58	35	21	15	17
Allssvin 0	0	0	0	0	0	0	
Høner	51	3	3	3	:	0	0

Fotnote(r):

Tegnet «:» betyr at tall kan ikke offentliggjøres. Før 1999: Omfatter jordbruksbedrifter med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. F.o.m. 1999: Omfatter også jordbruksbedrifter med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift, i hovedsak samdrifter og hagebruk.

Jordbruksareal (dekar), etter region, vekst, tid og statistikkvariabel

	1969	1979	1989	1999	2004	2009	2013
	Jordbruksareal						
1264 Austrheim							
Potet		132	78	19	0	0	0
Grønfôr- og silovekstar	26	26	53	0	:	0	0
Grønsaker på friland	1	3	0	0	0	0	0
Eng til slått og beite	7 864	6 058	5 235	5 223	:	4 761	4 818
Fulldyrka eng	4 757	3 721	3 626	3 118	:	2 556	2 438
Anna eng og beite	3 107	2 337	1 610	2 105	:	2 205	2 380

Fotnote(r):

Tegnet «:» betyr at tall kan ikke offentliggjøres. Før 1999: Omfatter jordbruksbedrifter med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. F.o.m. 1999: Omfatter også jordbruksbedrifter med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift, i hovedsak samdrifter og hagebruk.

vekst

Grønfôr- og silovekstar

Rotvekstar til fôr er inkludert i grøn fôr og silovekstar frå 2000.

Kartet viser registrert naturtype kystlynghei i Austrheim kommune:

